

Protokoll frå årsmøte i Spelemannslaget De frilynde i øvingslokalet på Heer skole onsdag den 11. februar 2009 kl. 18.30.

Leiaren opna møtet.

Sak 1: Innkalling og sakliste blei godkjent og møtet sett.

Sak 2: Lene Meum blei valt til møteleiar og Nils Seland blei valt til referent.

Sak 3: Årsmelding. Sekretæren las opp årsmeldinga.
Årsmeldinga blei godkjent.

Sak 4: Rekneskap. Kasseraren leverte ut kopi og gjekk gjennom postane.
Samla beholdning pr. 31/12-2008 er kr. 43.061,67. Av dette er kr. 11.000 førehandsinnbetalt til overnatting på Landsfestivalen på Geilo 2009.
Speleinntekter i meldingsåret har vore kr. 21.704,-
Musikkverkstadordninga (kr. 10 000,-) for 2007 er ikkje komen på konto ved årsskiftet og ikkje ført i rekneskapen. Det kom inn på konto i januar 2009.

Rekneskapen godkjent.

Sak 5: Valg

Styreleiar: Lene Meum. (gjenvalg)

Styremedlem og kasserar: Oskar Fevåg (gjenvalg for 1 år)

Styremedlem og sekretær: Nils Seland (ikkje på valg)

Revisor: Helge Slyngstad (gjenvalg)

Festkomité: Blir valt etter behov.


Noteutvalg: Nils Seland, Magnar Graav og Hilde Tannum. (gjenvalg)

Valgnemnd: Egil Hammermo (formann), Tanja Wilhelmsen og Magnar Graav.

Sak 6: Godtgjersle til musikalsk leiar Nils Seland.

Vedtak: Nils Seland får ei årleg godtgjersle til reiseutlegg stor kr. 5.000,-

Ski den 11. februar 2009



Nils Seland
referent